

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/5550-2

Klage over avslag på søknad om oppsetjing av masteskilt langs fv. 616 i Bremanger kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Klagen frå UNU A/S vert ikkje teken til følgje.

Vedlegg:

Oversendingsbrev frå Statens vegvesen Region vest med vedlegg (søknad, nabovarsel, kart, bilde, avslag på søknad, klage på avslag)

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Handbok V323:

http://www.vegvesen.no/attachment/61470/binary/964044?fast_title=H%C3%A5ndbok+V323+Reklame+og+trafikkfare.pdf

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

9. mai d.å. fekk Statens vegvesen Region Vest søknad frå UNU A/S (heretter UNU) om løyve til å setje opp eit masteskilt i samband med drivstoffstasjonen i Kolsetvika i Rugsund i Bremanger kommune. Drivstoffstasjonen ligg i samband med ei båthamn, og har tilkomst til området via fv. 616. Saman med søknaden la UNU ved situasjonsplan og bildemontasje som viser korleis masta skal stå i høve til køyrebanen. Skiltet skal informere om pris, opningstider og betalingsmoglegheiter. I søknaden skreiv UNU at størrelsen på masteskiltet skal vere 1,2*6 meter, og at det ikkje vil vere til hinder for sikt langs vegen. Fartsgrensa på staden er 60 km/t og ÅDT (gjennomsnittleg årsdøgntrafikk) er 350. UNU har inngått avtale med grunneigar om å setje opp masta.

Statens vegvesen Region vest av slo søknaden med heimel i veglova § 33, sjå brev av 11.05.16. Avslaget er grunngjeve med at masta vil vere trafikkfarleg, fordi den vil trekkje for mykje merksemd vekk frå trafikkbiletet og forstyrre trafikanten. Regionvegkontoret viste særleg til at masta er tenkt plassert like før avkøyrsla, og at det er skilta med fareskilt «born» på staden. Avslutningsvis syner Statens vegvesen til at det allereie er skilta med eit offentleg vegvisingsskilt med symbol for drivstoffstasjon.

UNU klaga på avslaget ved brev dagsett 27.05.16. Klagen er sett fram i rett tid.

Regionvegkontoret fann ikkje grunnlag for å ta klagen til følgje, og sende saka over til fylkeskommunen som klageinstans, sjå brev av 29.06.16.

Fylkesutvalet har funksjonen som klagenemnd etter forvaltningslova § 28, jf. delegeringsreglementet punkt 1.4.3.

2. Klagaren har i hovudsak gjort gjeldande

UNU ber om at søknaden vert vurdert på nytt, og syner til følgjande moment:

- Det er riktig at det allereie er eit skilt som viser ned til stasjonen, men det er tale om eit lite skilt som ikkje er synleg på avstand. Dette kan føre til hurtig oppbremsing og farlege situasjonar. Eit større skilt vil bidra til sikrere køyring og avkøyring frå vegen.
- Ein bør også vektlegge at dette er ein veg med lite trafikk (berre 350 køyretøy/dag), og at avkøyringa ligg i ei 60-sone, noko som reduserer moglegheita for farlege situasjonar.
- Bilførarar er vande med å sjå skilt for bensinstasjonar langs vegen. Det er derfor ikkje slik at skiltet i stor grad vil ta merksemda vekk frå vegen. Dei fleste stasjonar har master med logo og prisinformasjon, og slik sett er det ikkje noko spesielt med denne prismasta. Å nekte for oppsetjing av prismasta er konkurransevridande, i tillegg til at det tek frå trafikantar moglegheita til å bli merksam på stasjonen på avstand, slik at dei er budde når dei kjem til avkøyringa.
- Det at stasjonen står i eit område med lite trafikk og eit svakt grunnlag for lønsemd, gjer også at ein bør få montere prismast slik at grunnlaget for å behalde stasjonen er større. Før stasjonen vart bygd, måtte trafikantar køyre lange avstandar for å fylle drivstoff (Måløy, Kalvåg, Svelgen, Davik). At det no er ein stasjon mellom desse stadane er i seg sjølv med på å betre trafikkforholda, då det er tilgang på drivstoff i nærmiljøet.

3. Vurderingar og konsekvensar

Oppsetjing av reklameskilt er løyvepliktig etter veglova § 33, som lyder:

«Reklameskilt eller liknande innretning må ikkje utan løyve plasserast ved offentleg veg eller plasserast slik at dei er retta mot vegtrafikken eller er synleg for dei vegfarande. [...] Løyve kan gjevast inntil vidare eller for ei avgrensa tid dersom vegstyremakta finn at reklameskiltet eller innretninga ikkje vil vere trafikkfarleg. Som trafikkfarleg reklame reknar ein innretning som kan takast for trafikksignal, vegskilt eller vegmerking, eller hindre den frie sikta langs vegen, eller som kan trekkje dei vegfarande si merksemd vekk frå vegen eller trafikken.»

Generelt er det strenge restriksjonar på bruk av reklame langs offentleg veg. Reklameskilt og andre orienterande skilt særskilt rekna for dei vegfarande står likevel i ei særstilling i forhold til anna reklame. Vegmyndigheita aksepterer difor at drivstoffstasjonar innan rimelege grenser får lov til å gje seg til kjenne ved oppsetjing av særskilte reklameskilt. Det må søkast om løyve i kvart enkelt tilfelle. På riks- og fylkesvegar handsamar Statens Vegvesen søknadar etter vegl. § 33.

Vegdirektoratet har utarbeida ei handbok som er rettleiande for handsaming av søknadar om oppsetjing av reklame langs offentleg veg; Handbok V323. Det er viktig at utforminga av reklameskilt blir gjort slik at trafikantane har ei rimeleg moglegheit til å oppfatte og forstå informasjonen under fart utan at merksemda i for stor grad vert trekt vekk frå dei andre veg- og trafikktilhøva på staden. Ingen masteskilt må plasserast slik at dei hindrar den frie sikta langs vegen, eller sikta i stasjonen si utkøyring eller i nærliggande vegkryss. Retningslinjene stiller svært strenge krav til plassering, utforming og storleik for masteskilt, for å sikre at det ikkje blir gjeve løyve til trafikkfarlege skilt. I handboka blir det også framheva at det er viktig med likehandsaming i reklamesaker, m.a. for å vinne allmenn forståing for handheving av reglane.

Problemstillinga ved handsaminga av klagen er om prismasta som UNU søkte om å setje opp vil vere trafikkfarleg.

Regionvegkontoret si vurdering er at masta vil trekkje merksemda bort frå vegen, særleg fordi den vil stå høgt i terrenget. Skiltet UNU ønskjer å setje opp skil seg dessutan frå masteskilt som vanlegvis vert nytta av drivstoffstasjonar, og regionvegkontoret reknar difor skiltet som eit ukjent element i trafikkbilete. UNU meiner på si side at bilførarar er vande til å sjå skilt for bensinstasjonar langs vegen, og at masta difor ikkje vil ta merksemda vekk frå vegen i stor grad. Klagar skriv også at dei fleste stasjonar har master med logo og prisinformasjon, og slik sett er det ikkje noko spesielt med denne prismasta. Den bør difor handsamast på lik linje med andre stasjonar.

Dei vedlagde illustrasjonane syner at masta etter planen skal vere montert med to festepunkt i terrenget, og vere heildekkande frå botn til toppen, slik at ein ikkje kan «sjå under» skiltet. Det vanlegaste er ei enkel mast, som gir delvis sikt under skiltet. Det er presisert i retningslinjene at dersom masteskilt må plasserast i siktområdet, skal underkanten av skiltet stå minst 3,0 meter over bakken. UNU ønskjer dessutan å plassere ei 6 m høg mast på ei høgde, slik at skiltet vert

noko høgare i forhold til vegbana enn 6 meter. Ifølgje retningslinene skal master i tettbygd strøk ikkje vere høgare enn 7 meter. Som regionvegkontoret påpeikar i oversendingsbrevet skil den aktuelle masta seg frå andre masteskilt som vanlegvis vert nytta ved drivstoffstasjonar. Masta samsvarar heller ikkje heilt med retningslinene. Fylkesrådmannen er samd med regionvegkontoret i at masta vil kunne trekkje merksemda vekk frå vegen, då særleg fordi den skal stå høgt i terrenget.

Etter regionvegkontoret sitt syn vil også plasseringa av masta vere svært uheldig, særleg med tanke på avkøyrsla like bak masta. UNU viser på si side til at avkøyrsla ligg i ei sone med redusert hastigheit (60 km/t), og at dette er ein veg med lite trafikk (berre 350 køyretøy/dag). Dette gir bilførarane betre tid til å vurdere trafikksituasjonen, og reduserer moglegheita for farlege situasjonar.

I handboka er det presisert at faren for at distraksjon skal føre til ulykker aukar når trafikkmiljøet er krevjande. Statistikk syner at det skjer ein del bilulykker ved avkøyrslar. Masteskiltet er tenkt plassert like ved avkøyrsla til båthamna og stasjonen, sjå vedlagde kart og situasjonsbilde. I tillegg er det busstopp på begge sider av vegen, samt avkøyrslar til ein anna del av fv. 616. Som UNU påpeikar er den gjennomsnittlege årsdøgntrafikken på staden rett nok ikkje så høg, men det er også ein del mjuke trafikantar i området. Ifølgje regionvegkontoret må det forventast ein del ferdsel i området, då det går ein sti rundt hamna. Regionvegkontoret viser særskilt til at det er skilta med fareskilt «born» like før avkøyrsla, noko som tilseier at der er mykje mjuke trafikantar, og gjer det endå viktigare at trafikanten ikkje vert distraherert. Fylkesrådmannen sluttar seg til regionvegkontoret sine synspunkt angåande plasseringa av masta. Det er viktig at bilførarane har fokus på trafikken, og då særleg på bilar og mjuke trafikantar som kjem frå avkøyrsla like bak masteskiltet.

UNU peikar vidare på at stasjonen står i eit område med lite trafikk og eit svakt grunnlag for lønsemd, noko som talar for at dei bør få monterer prismast, slik at grunnlaget for å behalde stasjonen vert større. Fylkesrådmannen har forståing for at UNU ønskjer å setje opp ei mast som syner prisar og liknande, men dette kan ikkje gå føre trafikksikkerleiken. Dersom UNU ønskjer å informere om stasjonen og prisane må dette skje ved eit reklameskilt som ikkje er i strid med veglova § 33. Fylkesrådmannen vil til liks med Statens vegvesen peike på at det allereie er skilta med eit offentleg vegvisingsskilt med symbol for drivstoffstasjon. Skiltet er ifølgje regionvegkontoret i samsvar med gjeldande reglar, og godt synleg frå begge køyreretningar, slik at det skal vere mogleg å ta avgjerd i god tid før avkøyrsla. Dei som er på jakt etter drivstoff, vil uansett vere merksame på dette skiltet.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen sluttar seg til regionvegkontoret si vurdering av distraksjonsfaren. Oppsetjing av prismast i samsvar med søknaden vil kunne trekkje bilførarane si merksemd vekk frå vegen og trafikken, noko som vil vere uheldig med tanke på plasseringa av masta like ved avkøyrsla, og at det er skilta med fareskilt «born» på staden. Masta vil såleis vere trafikkarleg, og dermed i strid med veglova § 33. Fylkesrådmannen rår difor klagenemnda til å stadfeste vedtaket til Statens Vegvesen Region vest.